

**Til dei føresette til skuleelevar på 1. til 4. steg skuleåret 2016/17****Søknad om plass i skulefritidsordninga (SFO) skuleåret 2016/17****Fristen for å søke om plass i SFO er 10. juni 2016.**

Tilbodet om skulefritidsordning (SFO) gjeld alle som går i småskulen (1.-4. steget) og omfattar:

Skuledagar: Tilsyn alle skuledagar (190 dagar) før og etter skuletid
frå kl 0700 til kl 1630,

Skulefridagar: Tilsyn måndag - fredag på vanlege arbeidsdagar med unnatak av
4 veker i juli månad, julaftan, nyttårsaftan og onsdag før påske.

Tilbodet på skulefridagar vil bli samordna med barnehagen.

SFO alternativ	Pris
Alle skuledagar og fridagar (7.00-16.30)	3335 + 228 = 3563,-
Alle skuledagar (7.00-16.30)	2220 + 194 = 2414,-
Full dag 3 dagar (7.00-16.30)	1448 + 112 = 1560,-
Lang ettermiddag 5 d. (skuleslutt-16.30)	1749,-
Lang ettermiddag 3 d. (skuleslutt - 16.30)	1231,-
Kort dag (skuleslutt - 14.10)	509,-
Morgen + kortdag (7.00-14.10)	1155 + 194 = 1349,-

Skuleåret 2016/17 sluttar småskulesteget skuledagen :

kl 1215 måndag og torsdag,
kl 1410 tysdag,
kl 1315 onsdag,
kl 1300 fredag

Onsdag og fredag går det ikkje buss heim 14:10, alle elevane sluttar likt

Me vil elles gjere merksam på følgjande:

- Familiar som har fleire søsken i SFO og den kommunale barnehagen, får 30% reduksjon i betalinga frå og med barn nr 2. Prisreduksjonen blir gitt på dei rimelegaste tilboda.
- Betalinga blir delt på 10 terminar. Det blir sendt rekning kvar månad i 10 månader, med august som første betalingsmånaden.
- Oppseiing av plass kan bare skje frå eit månadsskifte. Oppseiinga må vere skriftleg og levert skulekontoret seinast ein månad på førehand.
- Det hender at skulen endrar på skuledagen. Til dømes kan siste dagen før jul bli ein kortare skuledag sidan alle har vore i aktivitet på kvelden med skuleavslutninga. For dei som har fast plass i SFO til kl 1410 eller 1630 gjeld datoane slik dei står i den vedteke skuleruta. Skulen/SFO vil ha tilsynet fram til 1410/1630 uansett når skuledagen elles sluttar.
- Vedtektene gir høve til å ta inn barn på korttidsopphald dersom plassen tillet det. I slike tilfelle er timeprisen sett til kr 50 for skuleåret 2016/17.
- SFO kan bli gitt som eit samarbeid mellom barnehagen og skulen, både på skulefridagar og på skuledagar.

Det ligg ved

- Vedtekter for SFO,

Bokn mars 2016

Med helsing

Wenche L. Havikbotn
rektor

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA VED BOKN SKULE

Vedteke av driftsstyret 25. mars 1999, endra av formannskapet 24. februar 2004, endra av kommunestyret 15. april 2008

Målsetjing

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

1 Eigartilhøve

Skulefritidsordninga er knytt til Bokn skule og eigd av Bokn kommune.

2 Opptaksmynde

Rådmannen avgjer søknad om opptak til skulefritidsordninga

3 Kriterium for opptak

Skulefritidsordninga er for elever i 1.-4. klasse (funksjonshemma elevar 1. – 7. klasse). Kommunen har som mål at alle som søker skal få plass. Dersom det likevel skulle vere færre plassar enn søkerar, skal dei barna som har størst behov for plass prioriterast.

4 Opptaksperiode og oppseiing av plass i skulefritidsordninga

Opptak blir gjort for eitt skuleår av gongen. Søknadsskjema blir sendt heimane i april, med søknadsfrist 10. mai.

Oppseiing av plassen i skulefritidsordninga kan skje ved eit månadsskifte og skal vere varsla minst ein måned på førehand.

(Dersom skulefritidsordninga har ledige plassar, kan rådmannen opprette ordning med tilbod om korttidsopphald.)

5 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastsett foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

(Rådmannen fastsett foreldrebetaling i eventuell ordning med korttidsopphald.)

Familiar som har fleire søsken i skulefritidsordninga og den kommunale barnehagen, får 30% reduksjon i betalinga frå og med barn nr 2. Prisreduksjonen blir gitt på dei rimelegaste tilboda.

Betalinga følgjer skuleåret og blir fordelt på 10 månader, med august som første betalingsmånad.

Betalingssatsane blir vurdert av kommunestyret ved kvart årsskifte / før oppstart av nytt skuleår, og endringar vil til vanleg gjelde for det komande skuleåret.

6 Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga bruker skuleromma og uteområdet til småskulen etter behov.

7 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Skulefritidsordninga har ope alle skuledagar før skulestart frå 0700 og etter skuletid til 1630. På skulefridagar i tida 0700 - 1630. Tilbodet kan bli gitt i samarbeid med barnehagen.

Skulefritidsordninga har ope heile året måndag til fredag på vanlege arbeidsdagar med unnatak av 4 veker i juli månad, julaftan, nyttårsaftan og onsdag før påske.

8 Bemanning og leing

Rektor er dagleg leiar med det overordna administrative og faglege ansvaret for skulefritidsordninga. Skulefritidsordninga har avdelingsleiar og ei bemanning saman med barna på minst ein vaksen pr 10 - 14 barn.

Vedtak om styrking av bemanninga for funksjonshemma barn, blir gjort som einskildvedtak og er delegert til rådmannen.